

1 TALEMÅLET OG NYNORSKEN

2 *Vedtatt på landsmøtet i Stavanger 2014.*

3
4 Noreg er, og har alltid vore, eit fleirspråkleg samfunn. Ein viktig del av dette er det norske talemålet og det nynorske
5 skriftspråket. Respekten for dialektene og den språklege variasjonen vi har i Noreg, har ikkje kome av seg sjølv. Utan
6 omhug kan denne tolerante tradisjonen gå tapt.

7 8 **Dialekt og talemål**

9 I Noreg har vi eit rikt mangfald av dialekter. Talemåten er blant dei viktigaste identitetsmarkørane ein har. Gjennom
10 måten vi snakkar på, kan vi syne geografisk og sosial tilhøyrsl. Det rike mangfaldet av talemålsvariasjonar i Noreg er
11 verdt å ta vare på.

12
13 Dei fleste er samde om å halde på dette mangfaldet. Slik har det ikkje alltid vore. Fleire norske dialekter har opp
14 gjennom tida vore kalla «vulgære» og «bondske». Det har gjort at fleire la av seg dialekta, særleg om dei flytta frå staden
15 dei kom frå. I dag er det vanlegare å sjå på denne språklege rikdomen som noko vi verdset ved det norske samfunnet, og
16 dialekter blir brukte i alle delar av samfunnet. Det skil den norske språkstoda frå kva vi kan sjå i andre land.

17
18 Samstundes er det somme dialekter som ikkje nyt same statusen som andre. Ofte legg folk frå seg særmerke ved
19 dialekta si for å få eit talemål dei oppfattar som meir «nøytralt». Om desse særmerka forsvinn, får vi eit meir einsretta og
20 mindre mangfaldig språk. Ved å halde på særmerka du har sjølv, kan det bli enklare for andre å halde på sine. Språkleg
21 medvit må bety at alle måtar å snakke på har like stor verdi.

22
23 Å fremma dialektbruk kan vel å merke ikkje sameinast med å moralisere over knot eller andre einskilde
24 talemålsvariasjonar – alt frå den breiaste til den mest avslipne dialekta er umåteleg mykje verd. Når nokon ikkje snakkar
25 den breiaste dialekta frå heimlassen sin, kan det vera mange grunnar til det. Somme blir påverka av omgjevnadene
26 når dei flyttar til ein annan plass, utan at dei kan hjelpe for det. Andre kan ha andre grunnar til å legge om talemålet,
27 utan at måten dei snakkar på dimed blir noko mindre verd. Det personlege talemålet er eit spørsmål om identitet, og er
28 såleis ukrenkjeleg.

29
30 Arbeidet for å fremma dialektene må difor alltid koke ned til at ingen skal skjemma over korleis dei snakkar. Skal folk
31 kunna velja fritt, må skilnaden i status og prestisje mellom dialektene jamnast ut. Dette kan vi gjera gjennom å trekke
32 fram gode føredøme, særleg for dei dialektene som slit med fråfall, samstundes som vi må vera konsekvente på å slå
33 ned på språkleg hets, same kva retning han råkar.

34
35 Somme vel, av ulike grunnar, å tala normert nynorsk. I visse yrke er det jamvel noko som blir pålagt, til dømes i
36 etermedia og teaterbransjen. Vi meiner ikkje at normert tale bør erstatte dialektene, men ser at det særleg i kulturtilbod
37 for barn og unge kan vera tenleg for språklæringa deira å høyre også talt nynorsk. Nynorsk normaltale er såleis eit viktig
38 pedagogisk supplement til dialektmangfaldet elles i etermedia. Vi skal også respektere dei som vel å tala normert privat,
39 på lik line med andre talemålsvariasjonar.

40
41 Multietnolektar – populært kalla kebabnorsk – er ein verdifull del av det norske dialektmangfaldet. Multietnolektane har
42 heilt urettmessig måtta tola mykje mistenkeleggjering og nedsettande omtale. Det vil vi ta tydeleg avstand frå.

43 44 **Nynorsk – strukturen i mangfaldet**

45 Opphavet til det nynorske skriftspråket ligg i mangfaldet av norske dialekter. Då Ivar Aasen reiste rundt og samla inn
46 dialektprøver, var dialektene sette på som «forkvakla dansk». Med nynorsken viste Aasen at dialektene er variasjonar av
47 det same norske talespråket, med sams historiske røter i norrønt. Alle dialektene er knytte til ein lokal kultur, og er
48 samstundes eit tilskot til nynorsken som nasjonalt skriftspråk.

49
50 Det nynorske skriftspråket er tufta på tanken om at alle dialekter er like mykje verde. Medan dei i andre land ofte har
51 bygd skriftspråket på talemålet til hovudstadseliten, er det nynorske skriftspråket bygd på ein demokratisk grunntanke:
52 at eit norsk skriftspråk må vera grunna i mangfaldet av norske dialekter, slik at språkbrukarane blir forståtte i både tale
53 og skrift.

54
55 Ivar Aasen reiste det nynorske skriftspråket som ein skriftleg fellesnemnar for dialektene i Noreg. Poenget var ikkje at
56 kvar og ein av oss skulle skrive lydrett slik ein snakkar, men å feste eit lettlært og følgjerett system av det rike

57 dialektmangfaldet til skrift. Dette gjorde Ivar Aasen ved å bygge på dei samlande draga som fanst – og finst – i
58 dialektene. Slik kunne vi reise eit skriftspråk som ikkje var identisk med kvar einaste talemålsvariasjon i landet, men eit
59 minneleg kompromiss mellom dei.

60
61 Difor er heller ikkje talemålet ditt nokon kvalifikasjon for å skrive nynorsk. For enkelte er valet av skriftspråk eit spørsmål
62 om nærleik til eige talemål, men det kan også vera eit spørsmål om nærleik til alle dialektene, eller eit reint
63 verdispørsmål. Uansett er alle like velkomne, viktige og verdige som nynorskbrukarar, same korleis dei snakkar.

64
65 På same måte som vi respekterer at folk gjer ulike val i talen, må vi også respektere ulike val i skrift. Ein viss einskap i
66 rettskrivingsstrukturen gjer henne lettare å lære, men vi lyt alle vera varsame med å rakke ned på andre former enn dei
67 vi kvar for oss føretrekker. Dette gjeld ikkje minst den nedlatande omtalen klassisk nynorsk stundom møter. Ei rørsle
68 som vanvyrdar sitt eige opphav, vil slite med å selja inn budskapet sin til andre.

69
70 Eit anna emne som bruker å vekke kjensler, er folk som i visse samanhengar skriv på dialekt. Dette er eit fenomen som i
71 hovudsak ovrar seg gjennom digitale medium, der den momentane tovegskommunikasjonen liknar svært mykje på
72 munnleg kommunikasjon. Det er ingen grunn til å tru at det vil trenge bort skriftspråka frå deira arenaer – det er snarare
73 å rekne som eit tilskot av skriftleg eksperimentering og leik med språk. Difor er det heller ingenting å frykte, men snarare
74 noko vi kan gle oss over.

75
76 Nynorsk er ein sjølvsgd del av Noreg. I internasjonal samheng står nynorsken støtt samanlikna med andre
77 mindretalsspråk. Nynorskbrukarar er brukarar av eit levande språk, som blir nytta på stadig nye område i samfunnet.
78 Som eit av dei to offisielle norske skriftspråka har nynorsken ein trygg plass i det fleirspråklege Noreg.

79 80 **Med nynorsk for dialektene**

81 Respekt for dialekt betyr at alle skal kunna bruke det språket dei kjenner seg heime i. Sjølv om vi snakkar annleis enn til
82 dømes tidlegare generasjonar, snakkar vi ikkje feil. Eit språk er alltid i utvikling – det er både bra og naudsynt. Språk må
83 utvikle seg for å vera relevant og ta opp i seg utviklinga på andre område i samfunnet. Målet må vera at alle
84 språkbrukarar blir medvitne språkbrukarar som nyttar eit variert, rikt og tenleg språk.

85
86 Gleda over dialektmangfaldet gjer Noreg til eit føredøme for andre land. Denne positive haldninga er til gagn for alle
87 brukarar av det norske språket. Eit språk er ikkje berre eit middel for kommunikasjon, men òg ein reiskap for tanken.
88 Kvar språk og kvar dialekt representerer ein eigen måte å gripe verda på. Det gir språket i alle sine variantar ein verdi i
89 seg sjølv.

90
91 Fordi nynorsken bygger på dialektene, er han ein reiskap til å halde på det unike dialektmangfaldet i Noreg. Mangfald i
92 skrift gir rom og aksept for mangfald i tale, og omvendt. Slik stør nynorsken og dialektene kvarandre. Difor seier vi: snakk
93 dialekt – skriv nynorsk!